Nr. 2 1897

Fridom

Tidskrift for sjølvjelp og sjølvstyre

Blastyrar: *Ivar Mortenson*

Inhald:

Arne Garborg aa fridomen.
Krapotkin: Den private foretagsomhed. (Ved Embr. Strand).
Kjøpvare.
Smørklep aa kaffemannen. (Eit æventyr).

Dette hefte kostar kr. 0.50.

Oslo Prenteverk.
Akersgata 73 b.

Brødrene Hals's Musik-Forlag.

Ny Sangmusik
af
Chr. Sinding:

Op. 37:
Tonar til 6 Kvæe af
Ivar Mortenson's
Or Duldo.

Indhold: Hardmaal. Kvi vil du have meg te aa kvæe? Liv og Sæle. Du Mor, som einsam heime gjeng. D'er vondt og vera i Hugen sjuk. D'er 'kje Draumar, som leikar.

Kr. 2.50

Op. 38:
Bersøglis og andre Viser
af **Per Sivle.**

Indhold: Vi vil os et Land. Ljos. Løv. Haust. Heim. Nytaar i Norge.

Kr. 2.50

Brødrene Hals
Musikforlag • Kristiania.

Fridom

Blastyrar: Ivar Mortenson

Nr. 2 | Kan tingast paa alle posthus aa i ekspd. Oslo Prenteverk, Akersg. 73 b, *Kristiania*. 2 kr. aare. 6—8 hefte (minst 12 ark). — Redaksjonsadresse: Einabu, *Litlelvdalen*, Norig. | 1897

Arne Garborg aa fridomen.

Garborg hev jamt tvo jerder. Heile vyrka strævar han med kvardagsarbei aa unner seg snautt eit kvilemund. Men saa maa han halde helg aa kvile ut i jupare stemningar. Vyrkestræve hev sin samanheng, men helgetankan hev dæ og. Aa d'æ desse eg vil freiste aa skilgreie.

Etter stræve med eksamenslesna aa nau'skriving for maten i ymse bla aa skipnaen av «Fedraheimen» vart dæ aa kalle den fyste kvila han fekk daa han i 1878 kom heim til Østerdalen.

I stilla aa klaarleiken her uppe høyrde han ikje lenger susen av alt dagstræve. Men dæ tok til aa tone for øyrom av kyrkjeklokker som ringde in fridomshelga.

Dæ va toleransespursmaala som han hadde kava saa lenge med som no losna.

Det nyttar ikje lenger med tvang.

For om ein vilde verje kristendomen med magt no, saa va dæ bare ei raa som munde duge, nemleg aa bruke sensur aa avstengjingsraaer mot alle nye tankar, men slike raaer æ dæ umogeleg aa jenomføre. Nei fri tevling (konkurranse) dæ æ den einaste maaten som æ den mann verdig som trur paa si sak. Dette æ i grunnen kristendomens lære. For

«kristendomen hev sett den grunntanken, at mannen er fri. Det vil segja, at mannen hev rett, ja er skyldig til aa *velja*. Det er det som ligg i det ordet, at mannen er «*andsvarleg*». Vera andsvarleg er aa vera skyldig til aa velja sin livsveg sjølv, einast etter eigen trong. Du hev ikkje lov til aa skjota deg inn under andre. — — —

Og alt som svalt og som greet og døydde,
og alt som under dykk ned de øydde,
stig fram i lag
og gjeng til slag
den stund daa verdi seg svingar.

Høgt stiger eit rop. som naar nøkken ropar
og drepen mann under tufti,
og verdi vert svart av dei ville hopar,
og det gjeng havbrak i lufti.
Dei rømer rædde fraa rike salar
og søkjer gøymsle av berg og dalar,
og bed um ro
og sig i blod,
og det gjeng havbrak i lufti.

De liter paa det, at me tagde lengje
og er so taalege og seine.
De kyter til Gud; han skal setja stengje
og stydja dei rike og reine.
Men ramnar skograr og skrik i lufti,
og menn seg sankar i uverskufte;
og hadde de
kvar avgud med
so held me domedag aaleine.

Eg kunne ikje gott la vera aa ta visa in i blae, men eg tykte eg laut jamne paa dæ med ein liten merkna: «Anarkistar kallar ein agelause villstyringar, som ikje vil have nokor styring, anna ganga i sjølvræda aa styra seg sjølve.»*)

Men d'æ ikje lenge før Garborg kjem att aa seier at den merknaen va ikje etter hans hovu.

«Det er sant,» seier han, «at her er mange anarkistar i Paris; men eg ser ikje noko til at dei er «agelause villstyringar». Dei er visst ikje det meir enn andre socialistar elder meir enn andre folk. Men det er sant, at dei hev fælt radikale meiningar, og at dei vil føra desse meiningarne igjenom med kva vaapen som helst, so det er ikkje folk til aa skjemta med.

*) I «Fedraheimen» hadde eg alt i 1885 sjølv leika frampaa sjølvstyretanken som framtimaale, men eg va ræd slike kvasse grep.

At dei vil «styra seg sjølve» det er vel ikkje noko galet. Det er væl det me alle vil. Naar ein reknar ifraa dei daa, som helst vil styra andre; men dei stend no utanfor all moral dei.

Anarkistarne vil hava heile det gamle samfundet velt og øydelagt. Onnor raad ser ikkje dei seg til aa faa ende paa denne gamle uretten, at 1000 skal liva som trælar for at 10 skal kunna liva med den rike mann.

— — — — — — — — — — — — — — — —
— — — — — — — — — — — — — — — —

Me kjem ingen veg med aa skjella desse folk ut; det einaste, gode menn no utetter vil faa aa gjera, tenkjarar, diktarar, statsmenn, alle som vil og kann noko, og ikkje er nøgde med aa liggja paa laaven og eta rjomegraut — — — — — det dei hev aa gjera er: aa arbeida paa alle maatar for at det store skiftet som eingong kjem, maa kunna gaa for seg utan altfor mykje syrgjespel.

Eg tenkte ikkje berre paa den og den sekti, daa eg gjorde visa. «Anarkistarne» vart for meg heile den store uendelege horg av folk, som lid meir vondt en dei turvte lida, naar alt var betre stelt — — — — — — — — — — heile denne lange lurve-skreid av lasarus'ar og røvarar, som me kallar brødrar og let gaa til helvite, — det var dei, eg tenkte paa. Og det kom for meg, at um denne armodsdomen reiste seg idag og slo oss ihel alle ihop, so vilde det vera vondt for oss men fælt naturlegt.»

Dæ va og ved same leite*) at han skreiv stykkje «Paa fantestig» (inteke i «Fred») der han Fante-Tomas gjer reint bord med heile stelle. Verda sae han va som ein botnlaus brunn. «Upp av denne brunnen sting det seg ein lang, lang stake. Paa toppen av den staken ligg ein planke, tvers yver brunnen.» Paa den eine enden av planken æ kongen, saa kjem statsraaden, saa stiftamtmannen.» Og so bispen. Og so amtmannen. Og so futen. Og so skrivaren. Og so presten. Og so kjøpmannen. Og so lensmannen. — — — Alle etter sin orden og stand og innstiftelse so som Gud hev sett dei i verdi. Men etter lensmannen kjem bonden. Og etter bonden, der, paa den ytste enden av planken, der er arbeidsmannen. Han sit paa den eine enden og kongen paa den andre. Der hev du verdi. — — —

stemningar i politikken, aa saa sae oftedølene: kvifor ska me fø paa dæ menneskje, han jer os inge tenester lenger, tvertimot; han æ maalskrivar aa vil svelte ihel av seg sjølv naar me tek posten fraa han. Aa saa støytte dei han ut or statsrevisjonen*).

Daa vart dei opna til fullnas augo hans.

«Seks aatte av mine dyraste aar,» skriv han**), som eg skulde ha brukt til sjølvutvikling og finare arbeid, hev eg sumla burt med det verste tull for at desse fridomsmenn kunne koma til magti.

No daa eg trudde at eg minst maatte vera likso fri som fyrr til aa tenkja og tala, — set dei meg paa porten. Du kan gaa no far, ser du ikkje at me hev vunne? seier demokratarne.

Tenk tru paa fridomsmenn. Hev du høyrt slikt? Og tru paa bønder? Hev du høyrt slikt?

Dæ synte seg at Garborg og i ein ting va lik jeita. For ho æ slik laga veit De, at di meir ho bli banna di betre trivs ho.

Han vart kvik daa guten.

«Lad os skrive «Fedraheimen» sammen,» skreiv han aat meg,***) gjøre den skrækkelig gemytlig og skrækkelig radikal — gjøre den til et skabilken og et skræmsel for alt hvad skikkelighed heder, men tvinge alt hvad ungt er til at like den.»

Aa daa vilde han jifte seg. Saa jild vart han daa, naar han hadde mist livebrøe. Saa spurde han ei jente, aa naar ho høyrde kva han hadde aa by paa, tykte ho dæ kunne vera moro aa jifte seg daa. Saa drog dei til fjels aa sette seg ned i svarte skogen eit par mil fraa bygda, høgst oppi

*) I 1887.

**) I «Kolbotnbrev.»

***) 17de sept. 1887.

Østerdalen aa levde av kjærleik aa nordavind. Aa forunderleg nok saa korkje svalt eller fraus dei ihel. Naar dei ikje strauk med den fyste vintren — eg va der andre dag jol aa daa va dæ 10 kaldegradar inni stoga, saa dei laut mest vera i senga til aa halde varme i kroppen — ja daa skyna eg at dei va hardbeitte aa ikje braafeige netop.

Lykka va at dei hadde faat med seg Hanna Winsnæs si kokebok. Med den greier ein diktar seg lenge. For «der forekommer hos Hanna Winsnæs madskildringer som kan gjøre selv den mætteste sulten og som hos den sultne kan frembringe illusjoner af virkelig behagelig art, man indbilder sig for en stund, at man selv har alle kjældere fulde.»

Mest i tvo aar budde han no i Kolbotnen eller paa Tynnset. Aa me skreiv «Fedraheimen» saman, aa dæ vart eit gott bla med mange tankar, men faae tingarar.*)

Bakstræve raade i politikken.

«Det er ei bakslagstid; alt som er slapt og daudt og unorskt breider seg og trivst; dei me heldt gjævast svik og sviktar, halve stortinget er kaninar og nomader, som gjeng og snusar etter kvar vind, som blakrar og blæs.»

Men ein liten flok vart skræmd unda og samla seg om fridomstankan. Dæ same aare va dæ, at H. Ibsen (i «Fruen fra Havet» reiste merkje: *I frihed og under ansvar!* aa at Garborg skreiv «*Uforsonlige*».

Dæ va røynslene sine fraa politikken som Garborg lae in i skoespele «Uforsonlige».

*) «Forunderligt, hvad dog det ord «frihed» har for en magt? Alle har vi sunget frihedssange og baaret frihedsfarver; men saa ofte vi i virkeligheden skimter eller blot aner fligen af gudindens klædebon, — straks rømmer vi i forfærdelse, alle som en, skrækslagne, i store flokker.»

Han granskar der vaart politiske liv aa finn at dæ i grunnen æ bare fjask alt ihop.

Dei skulde liksom vera saa «uforsonleg» radikale desse stortingsmennene. Men dæ sat nok ikje saa fælt jupt, ska eg tru. Me ser ikje anna en at dei læt seg forsone nokon kvar av dei.

Dæ syner seg nok sant som dæ bli sagt, at «der er flere end vi tror som ikke taaler nærheden af en statsraadsuniform». Ein kan møte «mand efter mand, igaar var de noksaa faste i fisken, og idag kanske de er som de var tyggede og spyttede ud igjen.» Aa korleis dette kan ha seg? Jau, «det er bispen som har havt dem i fingre og klattet paa dem.»

Biskop *Blume* æ nemleg kyrkjeministar. Han æ «halv høire med prestesnit. Nu kjøber han østlendingen med korntold og vestlendingen med gudfrygtighed, centrum faar han ved at forplumre stemmeretten.»

Alle staer hev Blume sine raaer ute. Jerda hans æ aa døyve motstande, aldri eggje dæ fram til ærleg stri, aa «den kometen øver sin tiltrækningskraft — — — alt hvad der er af halvgammelt og upaalideligt» i partie «nærmer sig ham langsomt og sikkert».

Advokat *Hoffmann* æ radikal partihovding. Stemmeret for alle æ storsaka hans aa klemde han no paa med magt kan han faa fram alt som han vilde. Men han æ alt ein gamal mann aa «begynder at bli ræd sin egen bedrift». Han stundar etter fred. Aa der kjem Blume honom i møte aa lovar'n ein plass i rejeringa bare han vil gaa med paa aa setje ut stemmeretten. Med jelp av Hoffmanns goe namn kan han faa eit par andre kjende vinstremenn til aa jera fylje aa sjølv kan daa Blume halde seg oppe. Motstandsflokken fær han sprengt, aa rejeringa kan stelle seg fram for veljarfolke som fullgott vinstrestyre.

Blume veit korleis han ska ta sine folk, dæ fyljer ein gotokke med han, «det er en ganske net mand — — man kan godt slaa af en sladder med ham, han er ikke mer præst end De og jeg, havde jeg nær sagt — saadan privat da.»

Alle læt seg lokke. Ingen kan staa imot naar dæ bli leika frampaa om statsraadspostar for øyrom deira.

Naar eit stort skip søkk, bli dæ slikt eit sog i vatne at smaae baatar let bli dregne med i kave.

Dæ at partihovdingen seig unda hadde etterdrag i vie ringar. D'æ fleire ungdomar som kunne seie som redaktør Henning:

«Jeg er opvokset i troen paa ham — — hans ord har været min sjæleføde og min hjærtevarme fra den tid jeg begyndte at skjønne.» Men no! «Min ungdoms Gud er ramlet ned ligesom Thor i Gudbrandsdalen, og indi ham var det bare en padde. — — Han — har taget troen fra mig. Fra mig og den hele generation. Slappe og ækle og vantro bliver vi den ungdom som nu rykker op.»

Nærmast ser dæ ut for at d'æ bisp Blume som dreg traadane i heile spelverke.

Men Garborg syner os grunnar som ligg jupare.

Den som maa bera mykje av skulda for at Blume fær slikt overtak æ ingen annan en sjølve den radikale stormeistaren Hoffmann.

Hoffmann æ «det klareste hode i landet». Men han eig ikkje stoleik i hugen, han talar aldrig beint fram, «jeg tror

ikke jeg nogensinde har hørt den mand sige aldrig; han binder sig ikke, han holder sig sine udveie fri. — — Han siger «for tiden» eller naar det kommer høit: «i en for os overskuelig fremtid» — — han finder det opportunt at indhylle sig i en vis uklarhed — — Hans ord og udtryk er rummelige og løstsiddende som Josefs kappe.»

Men ansvare for denne lethugen fær og andre sin del i. Saaleis pressa. D'æ some blamenn som bare hev fagnaljoa aa skrøyvt føraren op til ein halvgud. Andre held «forsigtighed» for den største dygda hjaa ein redaktør aa torer ikje sleppe for mykje om «samfundslidelsen» in i blae. Some trur d'æ klokast alti aa «akseptere den forhaandenværende situation».

Ei slik presse jer alt anna en jelpe fram politiske støleikar.

Men skulda ligg kanskje endaa jupare, for som Ibsen seier d'æ ikje redaktøren men d'æ publikum som redigerar avisene.

Heile folke maa bera skuld for den politiske hendesløysa. Dei æ altfor gotrugne. «Jeg vil ligne dette folk med en fattig pige, som slider og sparer i femten aar; for hun ved, at uden medgift nytter det ikke at melde sig. Tilsidst har hun summen. Da kommer der en reisende lægprædikant og vinder hendes hjerte og drager sin vei med hendes bankbog og hendes dyd, og saa sidder hun der og har intet igjen uden skammen og et langt snydeskaft.»

Men «det er ikke den enkeltes feil — — — mændene er som deres tid. Sagen er — der er for nærværende akkurat saa megen og saa liden moralitet i det norske folk, at omtrent en hvilkensomhelst af dets repræsentative mænd kan gaa hen og søbe den kaal, han har spyttet i, naar han derfor erholder en passende godtgjørelse. — — — Det norske folk eksisterer ikke. Vi er en provins — «en provins og en almue».

Huglause syner æ dæ Garborg her maalar. Men endaa læt han os ikje bli standande reint raalause.

«Det eneste, der kan siges er: vi faar begynde forfra igjen.»

«Alt blir forgjæves, indtil det norske folk samler sig en dag og gjør sig frit. Ikke med talemaader forstaar de. Ikke med besindighed. Med jern.»

Men den rolege tingbonden Byberg nøjer seg med dette:

«Og saa kan du hilse Blume og hans nye bondeparti og si, at vi gaar paa med *friske kræfter*.»

Til dette «*begynde forfra igjen — — — med friske kræfter*» æ dæ Garborg i «Uforsonlige» mannar op folke.

Den private foretagsomhed.

Efter *Kropotkins* bog «*Conquète du pain*»
ved
Embr. Strand.

I.

Vant som vi er ved de nedarvede fordomme, ved en absolut falsk opdragelse og undervisning til overalt kun at se regjering, lovgivning og embedsmænd, har vi faaet den tro i os, at menneskene vilde sønderrive hverandre indbyrdes som ulve den dag, da politiet ikke længere holdt et vaagent øie med os, at alt vilde bli kaos, dersom autoriteten druknede i en eller anden stor oversvømmelse. Og vi gaar uden at bemerke det ved siden av tusen og atter tusen menneskelige smaasamfund, grupperinger, som dannes frit uden lovenes indblanding, og hvor det lykkes at realisere slike ting, som aldrig vilde lykkes under regjeringers formynderskab.

Se i et dagblad. Dets spalter ofres udelukkende regjeringsakter, politikeres rænker. Ved at læse slikt vilde en kineser tro, at i Europa sker ingenting uden ordre fra en eller anden myndighed. Hvad finder man vel der om de institutioner, som fødes, vokser og udvikler sig uden ministerielle forskrifter? Intet eller næsten intet! Selv om der er en rubrik med overskrift «Forskjelligt», saa er det samlet sammen hos politiet. Et familiedrama, en tumult vil ikke bli nævnt uden at byens konstabler har vist sig der.

Tre hundre og femti millioner europæere elsker eller hader hverandre, arbeider eller lever af sine renter, lider eller morer sig. Men deres liv, deres handlinger (udenom literaturen, teatret og sporten), alt er aviserne uvidende om, dersom regjeringen ikke har skredet ind paa en eller anden maate.

Det samme er tilfældet med historien. Vi kjender de mindste detailler fra en konges liv eller om et parlement; man har opbevaret for os hvert ord, godt eller daarligt, som er udtalt i parlamentariske taler, «som aldrig har havt indflydelse paa et eneste medlems stemmegivning,» som en gammel parlamentariker sa. Kongers besøg, politikeres gode eller daarlige humør, deres ordspil og deres intriger, alt dette er omhyggelig optegnet for efterslegten. Men vi har al verdens møie med at faa vide om livet i en by i middelalderen, at skjønne mekanismen i den uhyre handelsomsætning, som foregik mellem de hanseatiske stæder eller at vide, hvorledes byen Rouen har bygget sin kathedral. Om nogen lærde har tilbragt livet med at studere dette, vil hans arbeider forbli ukjendte, og «den parlamentariske historie», det vil si en falsk historie, fordi den kun taler om en side af samfundenes liv mangfoldiggjøres, udbredes og læres i skolerne.

Og saa bemerker vi ikke engang det vidunderlige arbeide, som hver dag udføres av frivillige grupper av mennesker, og som er det væsentligste arbeide i vort aarhundrede.

Vi skal derfor nu vise nogen av de maader, hvorpaa dette arbeide foregaar og paapege at mennesker, saa sandt som deres interesser ikke er absolut forkerte, forstaar udmerket godt at handle i fællesskab selv i de mest indviklede spørsmaal.

Det er øiensynlig, at i det nuværende samfund, som er baseret paa privateiendommen, det vil si paa udsugelse og paa den indskrænkede og følgelig ufornuftige individualisme, vil dette slags fakta selvfølgelig være meget indskrænkede: foretagsomheden er der ikke fuldstændig fri og har ofte kun et maadeligt eller ogsaa et fordømmelsesværdigt maal for øie.

Men det, som er av nyttighed for os, er ikke at finde eksempler, som man skal efterfølge iblinde, og som det nuværende samfund heller ikke vilde kunne skaffe os. Det, som vi trænger, det er at vise, at trods den autoritære individualisme som kvæler os, er der dog altid en meget stor del af vore livs forholde, hvor man kun handler efter sit eget fri initiativ, og at det er meget lettere end man tror at undvære regjeringen.

Til støtte for vor theses har vi allerede før anført jernbanerne, og vi skal endnu engang komme tilbage dertil.

Man ved, at Europa besidder et jernbanenet paa 280 000 km. og at paa dette net kan man nu reise rundt fra nord til syd, fra vesten til østen, fra Madrid til Petersburg og fra Calais til Konstantinopel, uden nogen heftinger, ja endog uden at bytte vogn, (hvis man reiser med hurtigtog). Enda mere: et kolly, som er kastet ind paa en jernbanestasjon vil finde sit bestemmelsessted, ligegyldigt hvor, i Tyrkiet eller i Centralasien uden anden formalitet for afsenderen end at skrive adressen paa en merkelap.

Dette resultat kunde opnaaes paa to maader. Hvis en Napoleon, en Bismark eller en anden potentat havde erobret Europa, kunde han fra Petersburg, Berlin eller Rom optrække paa et kort, hvor jernbanerne skulde gaa. Den kronede idiot Nikolaus I har drømt om at ta det paa den maade. Da man fremlagde for ham projektet om en jernbane mellem Moskva og St. Petersburg, greb han en lineal og optrak over Rus-landskartet en ret linie mellem de to hovedstæder og sa: «Her er linjen.» Saa blev jernbanen anlagt i en ret linje, idet man snart la den ved foden af dybe kløfter, snart opførte svimlende broer, som man maatte forlade efter nogen aars forløb, efter at man havde bortødslet i gjennemsnit 2 à 3 millioner pr. kilometer.

Det var et middel, men fordetmeste har man tat det paa en anden maade. Jernbanerne er byggede stykkevis, stumperne er forbundne indbyrdes, de hundre forskjellige slags kompagnier, hvem disse banestumper tilhører har søgt at komme til forstaaelse indbyrdes for at togenes ankomst- og afgangstider skal svare til hinanden, for at transporten skal kunne foregaa uden at man behøver at avlæsse varerne, idet man gaar over fra et jernbanenet til et andet.

Alt dette er udført ved den private foretagsomhed, ved at veksle breve og forslag, ved kongresser, hvor de delegerede kom for at diskutere et specielt forslag — ikke for at gi love — og efterpaa vendte kongresserne, de delegerede tilbage til sine kompagnier, ikke med en lov, men med et forslag til en overenskomst, som man kunde bifalde eller forkaste.

Rigtignok har det været rivninger. Rigtignok har der været stivsindede folk, som ikke har villet la sig overbevise. Men den fælles interesse har endt med at gjøre alle enige, uden at man har behøvet at indkalde armeer mod de gjenstridige.

Dette umaadelige net av jernbaner, som er indbyrdes forbundne, og den storartede trafik, som finder sted paa dem, danner visselig det mest slaaende træk i vort aarhundrede — og det skyldes den private indsigt, det private initiativ. — Dersom nogen havde kunnet forudse og forudsi det for femti aar siden, vilde man troet ham tullet. Man vilde udraabt: «I vil aldrig kunne opnaa at faa hundre kompagnier av aktieeiere til at høre fornuft! Det er en utopie, et æventyr, som I fortæller der. Kun en centralregjering med en direktør i spidsen kunde ordne dette.»

Det, som er det interessanteste med denne organisation, er, at det ikke er nogen central europæisk regjering for jernbanerne! Ingen! Ingen jernbaneministre ingen diktator, selv ikke et kontinentalt parlament, selv ikke en dirigerende komite! Alt sker ved overenskomst, kontrakt.

Vi spør statens tilhænger, som foregiver, at «aldrig kunde man undvære regjeringen, selv om det kun var for at ordne trafiken:» vi spør ham:

«Men hvorledes kan jernbanerne i Europa undvære regjering? Hvordan skal de kunne transportere millioner av reisende og berge av varer gjennem at helt kontinent? Naar de kompagnier som eier jernbanerne, har kunnet udrette dette, hvorfor skulde saa arbeiderne, som vil ta disse jernbaner i besiddelse ikke kunne gjøre det samme? Og naar Petersburg Varschau-kompagniet kan handle i overensstemmelse med Paris-Belfort-kompagniet, uden at anskaffe sig nogen slik luksus som en fælles kommandant, hvorfor skulde man saa i vore samfund, hvoraf hvert er dannet af en gruppe af fri arbeidere, behøve en regjering?»

II.

Naar vi forsøger at paavise ved eksempler fra nutiden, at, trods den uretfærdighed, som behersker vor nuværende sociale organisation, kan mennesker, forudsat at deres interesser ikke er diametralt modsatte, meget godt enes uden nogen indblanding fra autoritetens side, saa er vi ikke uvidende om de indvendinger, man vil gjøre.

Disse eksempler har sin svage side; thi det er umuligt at nævne en eneste organisation, som ikke ar baseret paa den svages udsugelse av den stærke, den fattiges av den rige. Derfor vil visselig statens tilhængere ikke undlade at sige til os med deres bekjendte logik: «I ser meget godt, at statens indskriden er nødvendig for at gjøre ende paa denne udsugelse!»

De glemmer kun, hvad vi har nævnt fra historien; de vil ikke fortælle os, hvormeget staten selv har bidrat til at forværre denne tingenes tilstand, ved at skabe proletariatet og overgi det til udsugerne. De glemmer ogsaa at fortælle os, om det er muligt at bringe udsugelsen til at ophøre, saalænge dens første aarsager — privateiendommen og elendigheden, som er skabt paa kunstig vis da, de to trediedele, av staten — vil vedbli at eksistere.

Med hensyn til den fuldstændige enighed mellem jernbanekompagnierne er det at forudse, at man vil si til os: «Ser I da ikke, hvorledes jernbanekompagnierne undertrykker og mishandler sine bestillingsmænd og de reisende! Staten maa sandelig skride ind for at beskytte publikum?»

Vi har paavist og gjentat det saa ofte, at saalænge der er kapitalister, vil misbrug av magten ikke kunne undgaaes. Det er netop staten, denne foregivne velgjører, som har git kompagnierne den frygtelige magt, som de nu har. Har den

ikke git koncessioner og garantier? Har den ikke sendt sine tropper mod streikende jernbanefunktionærer? Har den ikke i begyndelsen (og som man endnu kan se i Rusland) udstrakt privilegierne like til at forbyde aviserne at omtale jernbaneuheld, for ikke at nedsætte værdien paa aktierne, som den selv garanterer for? Har den ikke begunstiget ved monopoler Vanderbilterne og Polyakofferne, direktørerne av P. L. M. saavelsom av Gotthard, «tidens konger»?

Naar vi derfor gir eksempler paa de sager, som ganske stiltiende er ordnede mellem jernbanekompagnierne, saa er det ikke som et ideal for den økonomiske husholdning, heller ikke som ideal for den tekniske organisation. Det er for at vise, at naar kapitalisterne, uden andet maal end at forøge sine indtægter paa alle andre folks bekostning, kan udnytte ernbanerne uden at grunde noget internationalt bureau for den, saa kan arbeidernes selskaber gjøre det ligesaa godt eller meget bedre uden at udnævne et ministerium for de europæiske jernbaner.

Der kommer en anden indvending, som tilsyneladende er alvorligere. Man kunde svare os, at den foretagsomhed som vi snakker om, aldeles ikke er fri, at de store kompagnier selv gir love for de smaa. Man kunde nævne, f. eks. at et saadant kompagni forpligter de reisende, som skal fra Berlin til Basel, at gaa om Køln og Frankfurt istedenfor at reise over Leipsig, at et andet lar varerne gjøre omveie paa hundrede og to hundrede kilometer for at gjøre mægtige aktieeiere tillags, at atter andre har ruineret mindre linjer. I de forenede stater er reisende og varer undertiden tvungne til at følge rent urimelige linjer, forat dollarene skulde samles i lommen paa en Vanderbilt.

Vort svar vil bli det samme. Saalænge kapitalen eksisterer, vil storkapitalen altid undertrykke den lille. Men

undertrykkelsen skyldes ikke bare kapitalen. Det er især ved statens støtte, ved de monopoler, som er skabt av den til dens fordel, at visse store kompagnier undertrykker de smaa.

Marx har paavist meget godt, hvorledes den engelske lovgivning har gjort alt for at ruinere de smaa industrigrene, bringe bonden i elendighed og overlevere mængderne av udsultede stakkarer i de store industriherrers hænder, tvinge dem til at arbeide for hvilkensomhelst betaling. Nøiagtigt det samme er tilfældet med den lovgivning, som angaar jernbanerne. Strategiske linjer, statsunderstøttede linjer, internationale hurtigtogslinjer, alt er sat i scene i de store finansherrers interesse. Naar Rotschild, alle europæiske staters kreditor, sætter sin kapital ind i en jernbane, ordner ministrene, hans tro undersaatter, det straks slik, at han kan vinde tilstrækkelig derved.

I de forenede stater, dette demokrati, som autoriteterne undertiden opstiller for os som et ideal — udøves det mest skandaløse bedrageri i alt, som angaar jernbanerne. Naar et kompagni dræber sine konkurrenter ved en meget lav tarif, saa skaffer det sig siden erstatning ved de landstrækninger, som staten ved hjælp av bestikkelser har overdrat til det. De dokumenter, som nylig er offentliggjorte, angaaende det amerikanske korn har vist os, hvilken del staten har i denne udsugelse av de svage ved de rige.

Her har endog staten tidoblet, hundredoblet storkapitalens magt. Naar vi ser jernbanekompagniernes syndikater (fremdeles produkt av det private initiativ) stundom opnaa at beskytte de smaa kompagnier mod de store, saa maa vi kun forbauses over den frie overenskomsts intense kraft trods storkapitalens almagt, som ovenikjøbet understøttes av staten.

Smaakompagnierne lever virkelig trods statens partiskhed, og om vi i Frankrige — centralisationens land — kun ser

fem a seks store kompagnier, tæller man i Storbritanien mere end 110, som kommer udmerket godt ud av det med hverandre, og som sikkert er bedre organiserede til hurtig transport av reisende og varer end de franske og tyske jernbaner.

Dette hører forresten ikke med til spørsmaalet. Storkapitalen, begunstiget av staten, kan altid, *hvis den har fordel af det*, ødelægge den lille. Det som vi har brug for er dette: Den indbyrdes virksomhed mellem de hundre kompagnier, hvem Europas jernbaner tilhører, *er kommen istand direkte uden nogen indblanding fra en centralregjerings side*; den underholdes ved hjælp av kongresser sammensatte af delegerede, som indbyrdes diskuterer og fremlægger for dem, som har sendt dem afsted, *projekter*, men ikke *love*. Det er et nyt princip, som er absolut forskjelligt fra ethvert regjeringssystems, monarkistiske eller republikanske absolute eller parlamentariske principer. Det er en forbedring i Europas skikke og sedvaner, som bydes, vistnok meget frygtsomt endda, men som har fremtiden for sig.

(Slutter).

Kjøpvare.

Naar ein kjem langt av fraa bygder, inn i heier aa avdalar, raakar ein ofte paa velstandsgardar saa ein reint maa bisne. Dei kan snaut eige skikkeleg køyreveg til folk, men lel æ dei saa væl stelt med mat aa drykk aa klæe aa skor aa hus aa buna at du trur du æ komen til ein huldreheim. Konn aa potet avlar dei sjølve, mel konne paa eiga kvenn aa bakar braue sit sjølve. Mjølk aa smør aa ost aa kjøt

hev dei nøgda av. Skinna reier eller garvar dei sjølve aa lagar seg skor eller feldar. Spinne aa veva jer kvinfolka aa d'æ alti einkvar som og kan sjera til aa saume klæe. Tømmer aa ve hev dei i skogen tet attmed husa; baade snikkar aa sme æ mannen sjølv. Alt æ saa hugnalegt aa heimhøvelegt. Ein merkar at kvar liten ting æ jort med den hagleik som dagleg omtanke skapar. Dei hev inge drengjer eller tenestjenter, for baana æ heime aa jelper til. Pengar treng dei ikje uta til aa betale skattar aa kjøpe noko litt paa bua, som salt aa jønn. Aa dei fær nok til dette ved aa taka med i skreppa nokre geitostar eller smørstykkje.

Dei greier seg saa gott fordi dei lever av sit eige arbei aa slepp hefta bort tia for seg aa andre med aa fragte aa handle aa byte.

Dersom alle hadde dæ saa aa va nøgde med dæ heimejorte arbeie vilde dæ ikje finnas noko sosialt spursmaal.

Men folk kjem paa kraambua aa fær hug til mange saker som dei ikje kan jera heime. Aa mangt av dæ som dei hev jort heime fær dei mykje finare fraa fabrikken aa saa billegt æ dæ, at dæ æ eit under. For 10 øre fær du kanskje saa mykje spiker aa hesteskosaum som du kunne staa aa bala med heile dagen i smia. Aa spinneverka skaffar saa billeg traa og gaan, at kvinfolka bli reint motlause naar dei set seg innaat rokken.

Aa litt om sen bli dæ store skifte jort at ikje kvar gard lenger sjølv skaffar seg dæ dei treng, men dei legg seg etter aa byte til seg varer som andre hev jort imot varer som dei sjølve hev lettare for aa jera en andre aa som dei daa lagar saa mykje av at dei kan unvera ein del.

I gamle dagar jekk dæ meir beintfram for seg dette varebyte. Fjelfolk aa utmenn møttes paa ein markna; fjelfolke gav smør aa skinn aa fekk att mjøl aa sild av utmannen.

Men sea kom al ting til aa bli rekna meir aa meir i pengeverde, aa dæ vart fleire aa fleire millommenn, saa at gardbrukaren aa fiskaren ikje meir saag kvarandre aa fekk forhandle seg imillom, men al vare kom til aa gaa jenom mange hender før ho kom dit ho vart brukt, aa kvar millommann skulde tene sin skilling aa mykje av vara kunne og bli skjemd før ho rokk fram.

Ska ein greie seg paa denne maaten saa jeld dæ aa faa kjøpvara saa billeg som mogeleg aa likeins aa faa høgste betaling for dæ ein hev aa selje. Paa den eine sia maa ein finne den som jev best kjøp aa paa den andre sia den som betalar mest. Aa dette æ ikje saa let ei sak. Dæ ska kunnskapar aa vitt omsyn til aa greie dette. Ein maa vita baade kven som *treng* mest om ei vare, for han betalar mest; aa kven som *hev* mest av ei vare for han sel billegst.

D'æ handelsmennene, me kallar, som hev lagt seg etter denne vitsmonen. I fystninga va dæ faae som kunne greie dette, aa vera millommann millom kjøpar aa seljar, men etterkvart vart dæ fleire aa fleire som lærde kunsta, saa no æ der i Norig av 63 menneskje 1 handelskar.

Naar dæ æ saa mange som kan ei kunst, æ ho ikje langt ifraa aa vera almanseige, dæ vil seie at me ikje stort lenger treng om noko serskilt stand til aa byte varer millom folk, men at dei meir aa meir lærer aa jera dette sjølve att, plent som i gamle dagar, uta denne mengda av millommenn, bare paa andre maatar, mindre paa tusking aa slumpehøve, meir med rekning etter faste verdemaal.

D'æ jamt saa at naar noko nytt kjem fram, æ dæ bare nokre faae som kan temje seg op til aa bruke dette nye, aa

desse faae bli daa rike paa denne fyremonen framom dei hine. Men di fleire som fær tamen di mindre bli dæ aa vinne for den einskilde, men almansbaten bli saa mykje større.

Saaleis vart dei grunnrike dei fyste som slo seg paa handel, men di fleire handlarar dæ vart, di meir uvist vart dæ, vaagen (resikoen) vart saa mykje større for skuld tevlinga (konkurransen), seinare vart dæ aa vinne, men snøggare aa tape. *)

Me æ difor no alt inne paa eit omskifte med handelen, eit omskifte som altsaa i røynda bare æ attervending til dæ gamle, men paa andre maatar.

Me ska sjaa litt paa denne nye tiestemna, som hev eit dubbelt fyremaal, aa skaffe baade billegt inkjøp og høg salspris.

Billegt inkjøp.

Kor æ dæ helst ein kan faa billegste varer?

Di færre millommenn som tener paa vara di billegare bli ho.

D'æ billegare vare aa faa hjaa kjøpmannen en hjaa høkeren elder kræmaren. Billegare hjaa storhandlaren en hjaa kjøpmannen. Billegare hjaa fabrikanten en hjaa storhandlaren. men aller best kjøp æ dæ aa faa hjaa arbeiaran som hev laga vara sjølve. **)

---

*) D'æ kje no som i gamle dagar, at rikdomen aat handelshusa ervdes ned fraa ætt til ætt. D'æ rekna ut at mideltia som kvart handelshus no lever, bare æ 20 aar (i Norig).

**) Skulegutar i Tyskland betalar for ein griffel 6 gong saa mykje som dæ bli gjeve for dei til arbeiaran i Thyringen som hev laga dei. Hausten 1892 fekk du i Nordland 30 sildar for 1 øre, men i Kristiania maatte ein jeva 5 øre for ei sild eller 150 gonger meir,

Aa di stuttare veg ein har til sjølve varemakaren, di mindre av ti aa arbeiskraft aa varespille gaar dæ med ved flytjinga, saa at heimejort vare av den grunn ofte gott kan tevle med utalandske saker sjølv om arbeiskostnaen skulde vera noko lite mindre der.

Ein kan og vera stø paa aa faa billegare vare naar ein tek mykje om gongen. Ein sparer daa ti for seljarfolket med framtaking, utmaaling, veging aa innpakking. Vara treng ikkje so mange flytjingar, dæ bli mindre spilt en naar ho ska bli smaabytt daa mykje vil bli tapt paa vegta.

D'æ ogsaa daa ein hev mest von om aa sleppe skatte aat dei mange millommenn naar ein tek mykje vare om gongen.

Ved dette sparer ein likeins in den renta som kjøpmannen maa jeva for dæ han hev liggjande i lagre aa som han tek inn att av kjøparen. Likeins for den resikopræmi som kjøpmannen reknar seg; daa han ikkje kan lite paa aa faa selt al vara maa han nemleg ta so mykje meir for den som verkeleg bli selt, at han dermed ogsaa fær betalt useljande vare som han har.

Men no æ ulykka dette.

Naar du tek vare for eit heilt aar om gongen i staen for kvar dag, so sparer vel kjøpmannen in renter aa du fær vara billegare. Men du maa sjølv betale renta. Kjøper du eit kg. kaffe kvar vike til kr. 2,10 saa blir dette kr. 109 for aare. Kjøper du i staen 52 kg. fyst i januar saa fær du dette for kr. 104 (i dæ meste). Men hev du laant pengan i ein bank maa du til næste nytaar betale 5 kr. i rente og daa bli dæ kr. 109 for kaffien paa denne maaten au. Og om saa vara skulde skjemmas maa du og rekne forsikringspræmi sameleis som handlaren.

Saa dette synes bli slikt slag anten du kjøper i stort eller smaatt (naar du daa ikje reknar med alt bry aa tiespille m. m. med smaavendingan).

Daa folk ansa dette tok dei til aa tenkje slik:

Naar dei mange smaabrukarar slo seg saman vart dæ eit stort forbruk.

Daa kunne dei ta store mengder om gongen aa fekk billeg vare av den grunn.

Daa kunde dei handle med sjølve varemakaren aa faa billeg vare av den grunn.

Daa slapp dei betale rente av dæ som dei hadde liggjande lenge ubrukt aa fekk billeg vare av den grunn.

Best kan dette gaa, veit du, naar dæ jeld slik vare som ein brukar jamt eller ialfal større mengder av om gongen, aa naar fleire brukar av same slage.

Men endaa trengs dæ at dei hev gott handelsvit som steller med dæ, saa du ikje kjøper for mykje vare i dyre tier elder bli narra paa prisen eller vareslage.

Dei norske *forbrukssamlaga* som dæ va mange av for 20 aar sea, va ein freistna paa denne nye vegen. Nokre bønder skaut isaman pengar aa tok loter i forretninga. Dei leigde utseljar aa helt vara i vanleg pris. Dei 10—12 prosent landhandlarforteneste meinte dei daa at dei skulde faa sjølve. Men dæ va ikje alti saa let aa styre med dæ. I dei fleste tilfelle laag dei under i tevlinga med dei handelsrøynte aa kapitalsterke landhandlarar. Daa dei tilmed ikje var go til aa halde strengt paa kontant betaling kom dei i same meinhøve med kreditten som vanlege handlarar, aa daa folk flest (utaom dei faae loteigaran ikje hadde nokon bate av aa handle der, laut dei snart slutte.

Dei *engelske arbeiaran* viste aa ta dæ paa ein annan maate.

Dei skyna at dæ galt om 3 ting.

a. Aa sikre seg nok kapitalar.

b. Aa late kvar ein som kjøpte noko paa bua faa del i fortenesta i høve til kor mykje han hadde kjøpt.

c. Aa bruke overskote til samfundsnyttelege fyremaal.

Alle som vil kan bli medlemer (loteigarar) mot aa betale 18 kr. (Av dette legg ein bare kr. 1,13 naar ein melder seg in, resten bli teken av handelsvinninga).

Dei insette pengan fær ikje meir en 5 prosent rente. Fortenesta som gaar over dette bli kje lagt til kapitalen men delt ut aat dei som hev handla*).

Alle medlemer hev like ret til frit aa granske korleis forretninga bli drevi. Ofte brukar dei 2 pct. av reinvinninga til oplysningsarbei.

Smaalaga sluttar seg ihop til storhandelslag, som saa langt som mogeleg tek vara beint fraa arbeiaran (ko-operative produksjonslag).

Vansken ved desse samlaga ligg i at dei fær store kapitalar som d'æ vandt aa bruke paa høveleg maate; aa difor krevs dæ framifraa dugleik, naar dei ska kunne tevle med storkapitalen paa grunnar der han æ heimekjend.

Men paa 50 aar hev dei arbeitt seg fram saa dei har inpaa halvannan million medlemer aa ei omsetning paa over 1000 mill. kr. om aare.

Mindre av vanskar fær ein naar ein steller seg som *landbusamlaga* (i Sveits, Tyskland aa Norig). Forbrukaran melder ifraa i fyrevegen kor mykje dei treng av ymse slag vare. Kvar betalar daa kontant til inkjøpspris med fraadrag av omkostningar. Saaleis hev no mange samlag paa austlande

*) Dei held vanlege prisar (millom anna for ikje aa eggje op dei andre handlarar til for stri tevling) saa at handelsvinninga si fær kvar kjøpar fyst ved opjeringa.

i Norig slutta seg ihop til ein storhandel som skaffar lagsmennene kraftfor, frau aa frø til billege prisar av goe slag*).

Endaa lettare gaar dæ naar forbrukaren kan faa varemakaren heilt inaat seg saa ein sparer fraktpengan, aa daa helst kjøpe beintfram av arbeiaren uta millomhender. Ein kan daa og sleppe aa ta større mengder om gongen en han brukar paa ei lita ti, aa sparer in kapitalrente for store oplag.

Her i lande hev dei freista seg paa denne maaten ved samlagsbakverk. Dei som vil vera med skyt til 5 — 10 kr. kvar til driftpening aa forpliktar seg til aa kjøpe alt braue sit i dette bakverke. Dei hadde for nokre aar sea eit slikt eit ved Sagene i Kristiania aa der fekk dei for vanleg pris 2 — 4 lod større brau en hjaa andre bakarar.

I Belgien hev dei heile fabrikkar til slik samlagsbaking. Ein bli medlem mot aa leggje 2 — 7 kr., vinninga bli utdelt, aa dei tener 20 — 30 prosent paa dette, endaa ein go del av overskote bli brukt til oplysningsarbei, agitasjon, forsikring m. m.

I Genf (Sveits) æ der eit skreddarsamlag, der ein fær kjøpt mykje billegare en andre staer, aa endaa hev skreddaran større dagløn en vanleg.

Me kjem til den endelykta at vil kjøparen faa billeg vare saa maa han arbeie for:

at han fær handle beinaste vegen med den som hev jort vara

at han anten fær seljaren saa nær seg som mogeleg eller kan raake han der som vara æ best aa billegst.

---

*) I Tyskland hev slike landbrugslag ogsaa sparekassar som greier kontante utlegg for lagsfolk som ikje hev pengar for handa.

Smørklep aa kaffemannen.

(Eit æventyr).

Dæ va ei kjering langt oppi Valdres som va saa go til laga smør. Aa ho fekk saa mykje av dæ at ho vart lei av aa maule smør al dagen.

Den som hadde havt seg litt kaffe, jekk ho jamt aa sytte.

Langt oppi Brasilien va dæ same tia ein mann som avla saa mykje kaffe, at han sagte fekk drikke utysten. Men han aatte kje smør paa kaka si.

Saa fekk han høyre jeti denne valdreskjerringa som hadde saa mykje smør, aa dermed jorde han ivegen bo aat kjeringa: Vil du byte bu, ein smørklep mot ein kaffesek?

Ja dæ vilde ho jerne.

Aa saa laga ho til ein smørklep saa stor som ho kunne faa'n aa jorde ivegen til Brasilien.

Ja smørkleppen rulla utetter vegen, stor aa brei, aa saa gul at dæ bare skein av n', aa baade prest aa skrivar laut køyre utor vegen, naar dei møtte 'n.

Daa smørkleppen hadde rulla eit stykkje kom han til ein handelsmann.

Nei godag, godag herr. Smørklep, sae handlaren. Æ dæ slik ein kar ute aa ferdes. Vil du ikje vera med inn aa puste paa?

Smørkleppen kunne ikje staa imot slik fagning aa saa vart han med inn.

Daa dæ lei eit bil vilde han ut att smørkleppen, for eg ska langt eg, sa'n. Dæ hastar ikje, bare sit du, sae handlaren. Jau den hin vilde daa ut.

Ja saa farvæl med deg daa, sae handlaren aa gav 'n kyss slik, at han aldri hadde kjent maken. For daa han

sansa seg kjende han seg saa liten aa flat, aa daa gaadde han at handlaren hadde beti av n' halve hovue.

Men saa lenge han rulla, rulla han seg daa til att. Aa tilslutt kom han til byen.

Der møtte han ein grosserar paa gata. Grosseraren tok av seg hatten langt unda aa ropa: Godag, godag min gamle ven, dæ va daa morro aa faa sjaa deg i byen. No maa du endeleg koma inom meg aa kvile paa foten.

Aa tak for dæ, svara smørkleppen, men eg hev nok ikje stunder til aa kvile, eg ska lenger eg, alt til Brasilien.

Til Brasilien, ropa grosseraren, en seie meg, hu d' æ langt dit, jau daa treng du nok aa kvile deg ska eg tru. Ja saa vart daa smørkleppen med inn.

Daa han hadde kvilt ei stund vilde han ut att. Ja farvæl, farvæl min kjære ven daa, sae grosseraren aa dermed slo han armane rundt om live paa smørkleppen.

Saa varmt eit fangtak hadde han aldri faat før, aa dæ va med naua han va go til aa slite seg laus. Men daa han fekk sanse seg va han av paa mitten, saa hardt hadde grosseraren fangteki 'n.

Men smørkleppen kasta seg paa sjøen med dæ som va att av 'n aa la seg til sums aa stana ikje før han kom til Brasilien.

Daa han naadde land kom dæ mange storfolk ned til stranda, aa alle til aa grava aa spyrje kva dæ va for ein kar.

Alle hakkar paa meg, sae smørkleppen. I hasten hugsa han ikje paa anna namn.

Men ikje før hadde dei høyrt dette før dei kom setjande med sverd aa spjot aa til aa stinge aa hogge etter smørkleppen bare saa flisa spratt. Aa al sta i vegen sto dæ folk med opne armar aa vilde kysse aa sleikje 'n. Saa

varmt hadde aldri smørkleppen kjent dæ, dæ va mest saa han kunne braane.

Sleipe kyssar aa fangetak dæ smakar verre en usalta mat, skreik han, aa rulla aa sprang bare saa sveiten sila.

Langt um lenge naadde han daa fram til bonden der han skulde vera.

Men daa va dæ ikje meir att av 'n en at bonden fekk smurt paa ei tvo, tri kakeskiver.

Lite aa gott, sa bonden, meir tykte han ikje han kunne seie.

Med kaffesekken jekk dæ ikje stort likare.

Daa han reiste heimafraa va han saa stor aa diger at han laut ha 3 hestar fyre vogna.

Men daa han kom ned til Buenos Aires aa vilde stige ombord sae dei til han: dæ gaar daa umogeleg an at du fær over sjøen med slike tunne klæe, du maa faa deg sett buna ska du halde ut væta paa sjøen.

Ja han tykte dette maatte vera ret. Saa jorde dei nye klæe paa han, men dei jorde alt saa smaat, at han fekk dæ ikje paa seg. Skreddaran maatte hogge føtene av 'n, daa fyst jekk klæa paa.

Som han va komen over have mest, møtte han ein grosserar fraa Hamburg i Nordsjøen.

Grosseraren letta paa luva aa spurde kor Brasilianeren skulde av.

Aa han skulde daa til Norig.

Ska du til slikt eit villland, ropa grosseraren, kjære deg, daa lyt du fyst inom Hamborg lel aa helse paa kulturen.

Ja Brasilianeren kunne ikje staa imot slik being, aa saa vart han med grosseraren.

Men i Hamborg saa jilde skreddarar aa dei lae ut om at han maatte daa faa seg skipelege klæe skulde han fara fram som folk.

Aa saa jorde dei fine klæe aat han, men alt va saa smaat at dei laut kappe armane av før dei fekk klæa paa 'n.

Daa han saa langt om lenge kom til Kristiania sto kongen paa bryggja.

Helsar du ikje paa folk heller du, ropa kongen, aa med di same svarpa han til Brasilianeren saa hovue hans trilla langt inni tollbua.

Aa i Kristiania jorde dei ei striekufte aat han, som va saa trong at dei maatte sneie 'n baade frama aa bak.

Dæ va nok ikje saa svert mykje att av karen daa han kom fram til landhandlaren i Valdres, som fann at dæ va best aa jera ei lita skinntrøye aat han, til han skulde til fjels.

Saaleis bar dæ til at den digre Brasilianeren vart ikje større en ein liten dukkemann, daa han tilslut naadde fram aat kjerringa som sat paa stølen aa sytte etter kaffe.

Ja dæ va saa vitt ho fekk koke seg tvo, tri kaffekoppar.

Lite men gott, sae kjerringa, ho tykte kje ho kunne seie meir.

Oslo Prenteverk.

NORSKE BØKER

Lars Eskeland: Livsspursmaal 0.50
—»— Norsk formlære 0.30
—»— Hjelpebok i norsk retskriving 1.00
Anders Hovden: Sviv. Dikt 0.50
—»— Heimhug. Dikt 0.50
—»— Odd. Forteljing 2.50
John Lie: Staali Storlid. Fortælling 2.50
—»— Fra Fjeldbygden 2.00
Særtryk af «Fra Fjeldbygden»:
Et Lig paa Ryggen 0.25
Trofast Kjærlighed 0.50
Hølge Latfant 0.35
En Ontvendelse 0.35
Fille-Værn 0.40
Rasmus Løland: Blodstyng. Sogor 1.00
—»— Gamle ungkarer 0.50
—»— Emne. Sogor 2.00
—»— Nervesliten. Forteljing 0.80
Ivar Mortenson: Paa ymse Gjerdom 0.70
—»— Or Duldo. Draumkvæe 2.00
—»— Fridom. 1ste hefte 0.50
Hans Seland: Hikstorier 1.50
—»— Ei bjergpreike 1.00
—»— Ein sumardraum 1.50
—»— Søren Lande 1.25
—»— Lyngkvistar 0.50
Rasmus Steinsvik: Martyra 1.50
—»— I Dulsmaal. Forteljing 1.00
Per Sivle: Sivle-Stubbar 0.75
—»— Nye Vosse-stubbar 0.60
—»— Bersøglis- og andre viser 1.00
—»— Skaldemaal 1.50
Norske Flagsange. Ved H. Koht 0.50
Anders Vasbotn: Lyng. Dikt 0.50
Askeladden. 2 samlinger . . . . . à 0.60
Amalie Skram: Børnefortællinger . . . . . (1.50) 0.50

NORSKE SPELSTYKKE

Ivar Aasen: Ervingen. Spelstykke i ei akt 0.30
—»— Udg. med noter og Aasens billede . . . 0.60
Steinvard (H. Hande): Ei hugvending. Spelstykke i ei akt. 1897 . . . . . 0.60
Rasmus Løland: I Klemma. Farce i 2 akter 0.50
—»— «Aandelige klenodier.» Spelstykke i 3 akter 0.40
—»— Stevleik. 2den utg. 1897 . . . . . 0.25
—»— Trollspel. Spêl i ei akt. 1897 . . . 0.25
—»— Daudingehandi. Drama. 1897 . . . 0.50
Anders Vassbotn: Pinseveir. Spelstykke i ei akt . . . 0.40
—»— Meinhøve. — . . — . . . 0.25
Formandskabsforhandlinger i Pineberg 0 50

Bertrand Jensen — *Pilestrædet 7* — *Kristiania.*

Følgene skrifter faaes gratis hos unnerteinede:

Treng nokon vera matlaus av *P. Krapotkin.*

Lønsystemet av *P. Krapotkin.*

Gjensidig hjælp blant dyr av *P. Krapotkin.*

Anarkismen i stuttmaal av *Darnaud.*

Kor han vart brotsmann av *Ernst Klaar.*

Utenbysboene faar skrifterne tilsent mot aa innsenne 5 øre i frimærker til porto.

Kristofer Hansteen,
Vibes gd. 8 III, Kristiania.

Nye lagsmenner

i det norske Samlaget for 1897 fær attpaa anten Det nye Testamente paa landsmaal og Katekisma ved *dr. E. Blix.* Vossa-Stubba av *Per Sivle* og Lauvduskar VI, **elder** andre aargangen av ***Syn og segn*** (1896) med tillegsbok (fyrste helfti av Njaals saga, umsett av *Olav Aasmundstad*), elder um dei attaat aarspengarne (4 krunor) sender inn $2^1/_2$ kr. til, kan dei endaa ogso faa attpaa fyrste aargangen (1895) med tillegsboki Englands saga til 1080 av *Arne Vestrum.*

„Den 17de Mai"

(Norskt folkeblad)

Kjem 3 gonger i vika

Kostar kr. 1.10 fjordungaaret